



**Sikringsgraving av gravrøys og avgrensa  
undersøking av to tufter.**

Gnr 130, Bnr 1, Giskegjerdet, Giske k., Møre og  
Romsdal (Askeladden id. 229556)

Lilja Björk Pálsdóttir og Trond Eilev Linge

**Rapport nr. 10 - 2020**





<b>Fylke</b>	Møre og Romsdal
<b>Kommune</b>	Giske
<b>Gårdsnavn</b>	Giskegjerde
<b>G.nr./b.nr.</b>	130/1
<b>Prosjektnavn</b>	Giskegjerde, sikring 2019
<b>Prosjektnummer</b>	740
<b>Kulturminnetype</b>	Gravrøys og tufter
<b>Lokalitetsnavn</b>	
<b>ID nr. (Askeladden)</b>	229556
<b>Tiltakshaver</b>	Post 70
<b>Ephortenummer</b>	2019/1019 og 2019/1021
<b>Saksbehandler</b>	Trond Eilev Linge
<b>Intrasisnummer</b>	UM_2019_15
<b>Aksesjonsnummer</b>	2019/81
<b>Museumsnummer (B/BRM)</b>	B18548 / BRM1219
<b>Fotobasenummer (Bf)</b>	Bf10388
<b>Tidsrom for utgraving</b>	10.-26.09.2020
<b>Prosjektleder</b>	Trond Eilev Linge
<b>Rapport ved:</b>	Lilja Björk Pálsdóttir og Trond Eilev Linge
<b>Rapport dato:</b>	23.10.2020

## Innhold

1.	Rammene for undersøkinga.....	s. 2
1.1	Bakgrunn.....	s. 2
1.2	Kronologisk rammeverk.....	s. 3
1.3	Tidsrom og deltakarar.....	s. 3
1.4	Formidling og media.....	s. 3
2.	Kulturminne, registrering og landskap.....	s. 4
2.1	Tidlegare funn og registrerte kulturminne frå området.....	s. 6
2.2	Registreringa.....	s. 6
2.3	Topografi og landskap.....	s. 6
3.	Praktisk gjennomføring av utgravinga.....	s. 8
3.1	Problemstilling og målsetting.....	s. 8
3.2	Metode.....	s. 8
3.3	Dokumentasjon.....	s. 9
3.4	Gangen i utgravinga.....	s. 9
4.	Undersøkinga.....	s. 10
4.1	Røysa R3.....	s. 12
4.1.1	Lokalisering.....	s. 12
4.1.2	Skildring.....	s. 13
4.1.3	Funn.....	s. 26
4.1.4	Datering.....	s. 27
4.1.5	Tolking.....	s. 27
4.2	Tufta T1.....	s. 28
4.2.1	Lokalisering.....	s. 28
4.2.2	Skildring.....	s. 28
4.2.3	Funn.....	s. 28
4.2.4	Datering.....	s. 29
4.2.5	Relasjon til erosjonskanten.....	s. 30
4.2.6	Tolking.....	s. 30
4.3	Tufta T2 (tidlegare R4).....	s. 31
4.3.1	Lokalisering.....	s. 31
4.3.2	Skildring.....	s. 31
4.3.3	Funn.....	s. 34
4.3.4	Datering.....	s. 34
4.3.5	Relasjon til erosjonskanten.....	s. 35
4.3.6	Tolking.....	s. 35
5.	Samanstilling av resultat og framtidige utfordringar med kulturminna i området.....	s. 36
	Litteratur.....	s. 37

## Liste over figurar

<b>Figur 1</b> Giske ligg sentralt på kysten av Sunnmøre rett nordvest for Ålesund.....	s. 1
<b>Figur 2</b> Kart over øya Giske. Undersøkingsområdet ligg innanfor den blå sirkelen.....	s. 2
<b>Figur 3</b> Besøk av skuleklasse ved T2.....	s. 4
<b>Figur 4</b> Skjermdump frå Askeladden.no viser registrerte arkeologiske kulturminkne på Giske.....	s. 5
<b>Figur 5</b> Skråfoto basert på fotogrammetri. R3, T2 og T1 viser her som små forhøgingar ved kanten av den dyrka marka ned mot stranda. Mjeltehaugen er markert. Tala 2, 3A og 3B viser til område med kulturlag frå yngre steinalder. Bronsealderøysa som vart grave ut i 2017 er også markert.....	s. 6
<b>Figur 6</b> Foto teke frå byfjellet Aksla ved Ålesund sentrum. Giske ligg som ei flat stripe mellom dei fjellkledde øyane Godøya og Valderøya.....	s. 7
<b>Figur 7</b> Strandlinjekurve for Giskegjerdet (Svendsen & Mangerud 1987; Bondevik, Svendsen & Mangerud 1998; Simpson 2001).....	s. 8
<b>Figur 8</b> Oversikt over området før og etter utgraving. Øvst ein fotogrammetri teke i lågt sollys hausten 2017, der strukturane kjem fram. Nedst er fotogrammetriar som representerer situasjonen ved avslutning av utgravinga i 2019.....	s. 11
<b>Figur 9</b> Røysa før avdekking, sett mot SA.....	s. 12
<b>Figur 10</b> Røysa etter at torvlaget vart fjerna, sett mot NA.....	s. 13
<b>Figur 11</b> Røysa sett frå stranda nedanfor erosjonskanten før utgraving. Foto mot vest.....	s. 13
<b>Figur 12</b> Matrise over oppbygginga og relasjonar mellom element i gravrøysa R3.....	s. 15
<b>Figur 13</b> Røysa etter den maskinelle avdekkinga. Kantkjeda (1139) er komen til syne. Innanfor den er matjord og einskilde røyssteinar har byrja å kome til syne.....	s. 16
<b>Figur 14</b> Matjordlaget i toppen er her reinska vekk slik at øvre nivå av røysstein kjem til syne (1136).....	s. 17
<b>Figur 15</b> Område markert med raudt representerer område med Stein som tydeleg var forstyrra og flytta på (T1050).....	s. 18
<b>Figur 16</b> Det øvre nivået med Stein er fjerna og 1137 kjem til syne.....	s. 19
<b>Figur 17</b> Nok eit nivå med Stein er fjerna og 1138 kjem til syne. Storleiken på steinen er synleg større enn i nivå over.....	s. 20
<b>Figur 18</b> Det nedre nivået av Stein i røysfylltet (1144) er her synleg. Dei mindre steinane (lag 1077) sentralt i røysa er også kome fram.....	s. 18
<b>Figur 19</b> Situasjonen ved avslutninga av feltarbeidet. Kammeret er her grave ut.....	s. 19
<b>Figur 20</b> Den raude linja viser avgrensinga av 1077.....	s. 24
<b>Figur 21</b> Lag 1077 er her fjerna frå kammeret. Kammeret sine veggar består av vassrulla strandstein.....	s. 24
<b>Figur 22</b> Avslutningsvis vart steinane som her er skuggelagt med raudfarge letta på for å undersøke om det kunne ligge brannflak eller andre typar deponeringar under det nedre steinlaget i røysfyllten. Ingen indikasjoner på slikt vart identifisert. Heilt nord i hjørnet på det avdekka området ser det ut til å kome fram nok ein struktur.....	s. 25
<b>Figur 23</b> Strukturen som kom fram i det nordlege hjørnet av det avdekka området består av ei samling vassrulla Stein av noko varierande storleik. Foto mot søraust.....	s. 25
<b>Figur 24</b> Her visast sjaka gjennom T1 og den synlege veggvollen NA for sjaka er skuggelagt med raudt. SV for T1 er det avdekka området over T2. Veggane på T1 går i linjer og retningar som tyder på at det ikkje er noko direkte samanheng mellom tuftene T1 og T2.....	s. 29
<b>Figur 25</b> Fotogrammetri av T2. Førebels tolking av to eller tre fasar i Tuft T2. Den yngste fasen skuggelagt i raudt. Grøn og blå skuggelegging representerer mest truleg to eldre fasar, men ein kan ikkje heilt utelukke at dei høyrer saman.....	s. 32
<b>Figur 26</b> Foto av T2 mot vest. Steinane nærmest fotografen representerer den «blå fasen» på førre fotografi.....	s. 33
<b>Figur 27</b> Utsnitt av muren i kortveggen i den yngste fasen. Foto mot sør.....	s. 33
<b>Figur 28</b> Utrasa Stein frå den søraustlege delen av T2 ved erosjonskanten. Foto mot NV.....	s. 35

## **Liste over tabellar**

<b>Tabell 1</b> Oversikt over dei arkeologiske periodane slik de vanlegvis blir delt inn på Vestlandet ( <i>STA: Olsen 1992, Bergsvik 2002, SN/BA: Vandkilde mfl. 1996, JA: Solberg 2000</i> ).....	.s. 3
<b>Tabell 2</b> Datert 14C-prøver i samband med R3.....	.s. 27
<b>Tabell 3</b> Daterete 14C-prøver knytt til T1.....	.s. 29

**Vedlegg 1 Fotoliste**

**Vedlegg 2 Liste over vitskapelege prøver**

**Vedlegg 3 Dateringsresultat**

**Vedlegg 4 Treartsanalyse**

**Vedlegg 5 Tilvekstar**

I september 2019 vart det gjennomført ei arkeologisk sikringsundersøking av Askeladden id. 229556 på Giskegjerdet i Giske kommune. Undersøkinga var finansiert gjennom post 70-midlar frå Riksantikvaren. Hovudformålet med undersøkinga var å grave ut og dokumentere ei delvis erodert gravrøys (R3) ved erosjonskanten ned mot stranda. Vidare var formålet å få betre oversikt over to andre strukturar (R4 og T1) som ligg like NA for R3. R4 vart avdekka, men ikkje grave ut. Det vart lagt ei sjakt gjennom T1. Målet var her å få betre oversikt over kva for strukturar dette er, tidfesting og potensialet for skade ved ytterlegare utrasing av erosjonskanten.

Utgravinga av R3 dokumenterte ei gravrøys med tydeleg definert kantkjede av rullestein, og kammer. Det vart ikkje gjort funn av gjenstandar eller bein i røysa. 14C-prøver teke ut i samband med røysa gjev ei maksimumsdatering til ein sein del av førromersk jernalder.

R4 vart omdefinert frå røys til tuft (difor omtala som T2). Tufta har hatt fleire fasar. Sjaka gjennom T1 stadfesta oppmura steinar der det er synlege veggvollar i overflaten. Det har ikkje lukkast å få gode dateringar av T1 og T2. Det vart dokumentert at eine hjørnet av T2 alt er påverka av erosjon.



Figur 1 Giske ligg sentralt på kysten av Sunnmøre rett nordvest for Ålesund.

# 1. Rammene for undersøkinga

## 1.1 Bakgrunn

Kulturminnet vart påvist av feltarkeologar ved Møre og Romsdal fylkeskommune i samband med anna arbeid i området i 2017. Det vart da også observert at ein stor del av R3 var rausa ut over erosjonskanten (Eltoft 2018). Utgravinga er finansiert av sikringsmidlar, såkalla Post 70-midlar frå Riksantikvaren. Det vart utforma ein prosjektplan med budsjett som vart oversendt Riksantikvaren frå Universitetsmuseet i Bergen i brev datert 15.02.2019. I Riksantikvaren sitt svarbrev datert 11.04.19 vart søknaden innvilga og det vart gjeve midlar til gjennomføring av undersøkinga.

I museet sin prosjektplan vart det veklagt at det mest prekære behovet var knytt til gravrøys R3. Det vart vurdert at om lag halve røysa hadde rausa ut, og såleis fare for at gravkammer eller anna viktig innhald ville kunne rase ut snarleg. Det vart difor lagt opp til ei sikringsgraving av denne. For tufta T1 vart situasjonen vurdert som mindre prekær når det gjaldt umiddelbar fare for utrasing. Det vart likevel peika på at søraustlege langvegg låg nær erosjonskanten, og såleis var i fare dersom erosjonen held fram. Det vart her lagt opp til eit mindre inngrep i form av ei sjakt gjennom tufta, for å stadfeste tolkinga som tuft, få ut informasjon om til dømes datering og om mogleg få betre informasjon rundt trusselsituasjonen i høve erosjonskanten. For R4 vart det søkt om å fjerne torv over strukturen for å få betre grunnlag for tolkinga som røys.



**Figur 2** Kart over øya Giske. Undersøkingsområdet ligg innanfor den blå sirkelen.

## 1.2 Kronologisk rammeverk

Tabell 1 er ei oversikt over dei arkeologiske periodane og måten dei vert inndelt på Vestlandet. Dei mest aktuelle periodane når det gjelder denne rapporten er yngre bronsealder og seinare. Alle prøver er analysert av Beta Analytic Inc. Dateringsrapporter er lagt ved som vedlegg 3.

I rapporten er 14C-prøver oppgitt med kalenderår BC (f. Kr.) og AD (e.Kr.). Prøvene er oppgitt med eit standardavvik på 2-sigma (svarer til 95.4% sannsynleg) dersom ikkje noko anna er markert.

Periode	14C år BP	Kal. År	Hovedperiode
Tidligmesolitikum	10000 - 9000 BP	9500 - 8200 f.Kr.	Eldre steinalder
Mellommesolitikum	9000 - 7500 BP	8200 - 6300 f.Kr.	
Senmesolitikum	7500 - 5200 BP	6300 - 4000 f.Kr.	
Tidlige neolitikum	5200 - 4700 BP	4000 - 3500 f.Kr.	Yngre steinalder
Mellomneolitikum A	4700 - 4100 BP	3500 - 2700 f.Kr.	
Mellomneolitikum B	4100 - 3900 BP	2700 - 2350 f.Kr.	
Senneolitikum	3900 - 3400 BP	2350 - 1700 f.Kr.	
Eldre bronsealder	3400 - 2900 BP	1700 - 1100 f.Kr.	Bronsealder
Yngre bronsealder	2900 - 2430 BP	1100 - 500 f.Kr.	
Førromersk jernalder	2430 - 2010 BP	500 - Kr. f.	
Eldre romertid	2010 - 1650 BP	Kr.f. - 150/160 e.Kr.	Eldre jernalder
Yngre romertid		150/160 - 400 e.Kr.	
Folkevandringstid	1650 - 1500/1510 BP	400 - 560/570 e.Kr.	Yngre jernalder
Merovingertid	1500/1510 - 1200 BP	560/570 - 800 e.Kr.	
Vikingtid	1200 - 970 BP	800 - 1030 e.Kr.	
Tidlig middelalder		1030 - 1150 e.Kr.	Middelalder
Høymiddelalder		1150 - 1350 e.Kr.	
Senmiddelalder		1350 - 1537 e.Kr.	
Nyere tid		1537 e.Kr. -	Nyere tid

**Tabell 1** Oversikt over dei arkeologiske periodane slik de vanlegvis blir delt inn på Vestlandet (STA: Olsen 1992, Bergsvik 2002, SN/BA: Vandkilde mfl. 1996, JA: Solberg 2000).

## 1.3 Tidsrom og deltararar

Feltarbeidet fann stad i perioden 10.-26. September 2019. Deltakarar var Lilja Björk Pálsdóttir (feltleiar), Trond Eilev Linge (prosjektleiar) og William Rennan Dack (feltassistent). Etterarbeidet og rapportskriving er utført av Pálsdóttir og Linge.

## 1.4 Formidling og media

Feltet ligg lett synleg frå veggen på Giske, og utgravinga fekk såleis ein god del merksemd, både frå forbipasserande, skular, lokalhistorielaget og frå media. Vi hadde besøk av fleire skuleklassar frå Giske skule. Eit arrangement der konfirmantar fekk undervising i lokalhistorie og omvising på sentrale

kulturhistoriske stadar på øya, var også innom i samband med at dei besøkte Mjeltehaugen. For skuleklassane og konfirmantane vart det formidla om øya si generelle kulturhistorie og framgangsmåten ved vår utgraving. Lokalhistorielaget publiserte ein kort artikkel om utgravinga i deira årbok (Giske sogelag 2019:19).



**Figur 3** Besøk av skuleklasse ved T2.

NRK vitja utgravinga og intervjuja feltdeltakarane. Intervjuva vart sendt på både lokal og nasjonal radio, og det vart publisert ein internettartikkel. Dei arkeologiske spora var sentrale tema i innslaga, men det vart også fokusert på øydelegging av kulturminne i lys av miljøendringar. Sjølv om klimaendring ikkje var hovudgrunnen til utgravinga, viser feltet tydeleg korleis naturlege formasjonsprosessar som erosjon kan påverka kulturminne.


## 2. Kulturminne, registrering og landskap

### 2.1 Tidlegare funn og registrerte kulturminne frå området

Frå sagaene er Giske kjent som sete for Giskeætta i sein vikingtid og mellomalder. I området ved Giske kyrkje, omlag 700 meter sørvest for vårt utgravningsområde, er det funnet fleire spor frå vikingtid og mellomalder (t.d. Askeladden id. 139922, 139925, 140054 og 84245).

På garden Giskegjerdet er Mjeltehaugen (id. 64097) det klart mest kjente arkeologiske kulturminnet. Haugen ligg om lag 40 meter NV for id. 229556. I Mjeltehaugen vart det gjennom fleire gravingar i 1847, 1865 og 1878 gjort funn av dekorerte heller som truleg har vore knytt til fleire graver frå eldre bronsealder (Linge 2007), og som utgjer det største funnet av helleristningar frå gravkontekst i Noreg. Tolkinga av korleis hellene har inngått i gravkammera, om det var eitt eller fleire kammer og

alderen på ristningane er mykje omdiskutert (t.d. Christie 1847, Lorange 1878, Marstrander 1963, Mandt 1983, Linge 2007, Sand-Eriksen 2015 og Melheim & Ling 2017). Enkelte meiner hellene er frå slutten av yngre steinalder medan andre vil plassere dei i eldre bronsealder. I tilknyting til haugen er det også funne to spenner frå romartid, og desse stammer truleg frå ei seinare gravlegging i haugen.



Figur 4 Skjermdump frå Askeladden.no viser registrerte arkeologiske kulturminne på Giske.

I samband med nedlegging av vatn- og avlaupsanlegg vart det i 2017 og 2018 utført i alt tre utgravingsprosjekt på Giskegjerdet (Linge et al 2019). Utgravingane vart gjort i vegbana i eit strekke på om lag 180 meter frå like sørvest for Mjeltehaugen og vidare mot aust og nord (Askeladden id. 139424 og 235956). Dei viktigaste resultata frå denne utgravinga var dokumentasjon av kulturlag med arkeologisk materiale og bein frå tidleg- og mellomneolitikum og eit område med busetnadsspor frå seinneolitikum. Det vart også grave ut ei mindre røys frå bronsealder, samt dokumentert jordbruksaktivitet frå slutten av steinalder og vidare framover til jernalder.



**Figur 5** Skråfoto basert på fotogrammetri. R3, T2 og T1 viser her som små forhøgingar ved kanten av den dyrka marka ned mot stranda. Mjeltehaugen er markert. Tala 2, 3A og 3B viser til område med kulturlag frå yngre steinalder. Bronsealderrøysa som vart grave ut i 2017 er også markert.

## 2.2 Registreringa

Askeladden id. 229556 vart påvist av Møre og Romsdal fylkeskommune i samband med arkeologisk registrering for det nemte VA-anlegget i 2017 (Eltoft 2018). Lokaliteten låg utanfor denne traséen, men strukturane var visuelt synlege som forhøgingar i terrenget. På same vis vart to antatt gravrøyser registrert om lag 25 meter mot nord (lagt inn i Askeladden som id. 229555). Ved registreringa vart det antatt at R3 representerte ei halv gravrøys, der halvdelen var erodert ut. T1 var synleg som vollar i ei U-form med opning mot SV. R4 var synleg som ei sirkulær forhøging som låg ved opninga til T1. Det vart difor innleiingsvis antatt at R4 var ei gravrøys som var plassert oppå SV-enden til T1, og slik gjort den SV-lege kortveggen til T1 uklar å definere i overflata.

## 2.3 Topografi og landskap


Garden Giskegjerdet ligg på den søraustlege delen av øya Giske i kommunen som har teke namn etter øya. Den flate topografien gjer at øya skil seg markert ut frå dei fleste andre øyane på Sunnmørskysten. Flatemålet er  $2,67 \text{ km}^2$  og høgaste punkt er beskjedne 25 meter over havet. Midtpartiet på øya er prega av myrområde, som no i aukande grad er utbygd til bustadområde. I området nærmest sjøen er, etter lokale forhald, store areal som er dyrka eller brukt til beitemark. Sandstrender omkransar nesten heile øya, og sandflukt har truleg spela ei stor rolle når det gjeld korleis topografien på øya har vorte danna og omdanna. Som denne undersøkinga vil vise har også erosjon spela inn på korleis topografien på øya har endra seg.



**Figur 6** Foto teke frå byfjellet Aksla ved Ålesund sentrum. Giske ligg som ei flat stripe mellom dei fjellkledde øyane Godøya og Valderøya.

I strandlinjekurva som er utarbeida for Møre og Romsdal, ligg Giskegjerdet ved isobase 12,5 (Svendsen & Mangerud 1987; Bondevik, Svendsen & Mangerud 1998; Simpson 2001). Det betyr at ved overgangen frå eldre til yngre steinalder (ca 4000 BC), så stod havet litt under 7 meter høgare enn i dag. Om lag 2000 år (ca 2000 BC) seinare var nivået senka til 4 meter over dagens nivå. I løpet av yngre steinalder har også nivået der dei aktuelle kulturminna ligg (ca 5 moh) blitt tørt land. Likevel viser det faktum at kulturminna er delvis øydelagt av erosjonskanten at topografien har vore annleis enn i dag både da området vart «tørrlagt» i yngre steinalder og i alle fall fram til dei aktuelle kulturminna vart bygd her. Undersøkinga her har med andre ord relevans for korleis dei topografiske omgjevnadane rundt steinalderlokalitetane som vart grave ut i 2017 og -18 og Mjeltehaugen opphavleg har vore. Etter alt å døme så har landarealet i bronse- og jernalderen strekt seg lenger ut enn det gjer i dag, trass i at havnivået var høgare. Hans Strøm skreiv i 1766 at nord- og vestsida av Giske veks årleg på grunn av sand og tang som kastast opp av havet. Likeins gjer bølgjeaktivitet skade og minskar landarealet på sørsida (Strøm 1766:104). Liknande observasjonar vert gjort av innbyggjarane på øya i dag.

Øya si strategisk gode plassering i høve til skipsleia, trekkast ofte fram som ein viktig faktor for at her har vore maktsentra i førhistorisk tid og mellomalder. Andre viktige faktorar som kan trekkast fram er nærliek til rike fiskeriressursar (t.d. Borgundfjordfisket) og gode tilhøve for jordbruk.



**Figur 7** Strandlinjekurve for Giskegjerdet (Svendsen & Mangerud 1987; Bondevik, Svendsen & Mangerud 1998; Simpson 2001).

### 3. Praktisk gjennomføring av utgravinga

#### 3.1 Problemstilling og målsetting

Når det gjeld R3 var målsettinga å sikre kulturhistorisk informasjon frå ei gravrøys som alt var sterkt skadd av erosjon, og der faren for ytterlegare erosjonsskade vart rekna som stor.

For R4/T2 og T1 var målet å få betre informasjon om kva slags strukturar desse representerte, og om mogleg få ut daterbart materiale for betre tidfesting av dei. Det var også ei målsetting å dokumentere i kva grad desse hadde blitt og var utsett for erosjon.

#### 3.2 Metode

Innleiingsvis vart det nytta gravemaskin for å fjerne torv og jordlag over R3 og T2. Delar av T2 vart seinare avdekkja for hand for å få fram meir av steinpakninga og definere utstrekninga. Det vart også nytta ein smal (ca 50 cm) grabb for å grave fram ei sjakt gjennom T1.

Utgravinga av R3 vart planlagt utført etter prinsippet om single context. Med ein slik framgangsmåte vert utbreiinga til kvart lag definert i plan og i djupn. For å skilje ut lag vert fleire attributt ved laga nytta for å skilje mellom dei. Dette er grader av kompakteit, farge, innslag av minerogene masser (silt, sand, grus etc.), innslag av tilførte massar (stein, bein, kol etc.) og grad av homogenitet (flekkte, uniform etc). I tillegg vert tjukkleik, skarpleiken til avgrensinga og forstyrringar i laget notert og skildra. Utbreiinga til alle lag og nedgravingar vert dokumentert og gitt unike nummer. Desse vert så plassert i ei Harris-matrice som viser relasjonar mellom lag og strukturar og anlegg. Dette viste seg likevel å vere utfordrande fordi den sterkt sandhaldige jorda gjorde det vanskeleg å skilje mellom ulike deponeringar. Single context vart nytta så langt det var mogleg, men for R3 blei det storleiken på steinane i røysa som vart avgjerande medan andre attributt kom i andre rekke.

### **3.3 Dokumentasjon**

Det vart brukt GPS for å måle inn arkeologiske strukturar, sjakter og utgravingsområde under utgravingane. Data vart vidare handsama i Intrasis. Prosjektet har Intrasis nr. UM\_2019\_015. I tillegg var det utstrakt bruk av både drone og fotostang for å ta oversiktsfoto under fleire fasar av utgravinga. Foto er sett saman til fotogrammetriar i AgiSoft og fleire av desse er georefererte slik at dei utfyller innmålingane som vart gjort med GPS. Fotogrammetriane gir også moglegheit for å attskape utgravde strukturar 3-dimensjonelt.

Innmålte strukturar, lag, konstruksjonselement osb. er namngjeve etter første tal i tellerekka i GPS-innmålinga.

Det vart ikkje produsert dokumentasjon i form av teikningar under utgravinga.

Fotografi frå utgravinga, inkludert utvalde fotogrammetriseriar, er lagra i musit under Bf10388.

Av vitskaplege prøver er det berre teke inn 14C-prøver. Fem av desse er datert ved Beta Inc. Før datering vart prøvene vedartsanalyser ved Helge Høeg. Prøveliste og rapportar frå vedartsanalyse og datering er lagt ved som vedlegg 3 og 4.

Funn frå utgravinga er katalogisert under B18548 og BRM1219, og oppbevarast ved Universitetsmuseet i Bergen.

### **3.4 Gangen i utgravinga**

Før den maskinelle avdekkinga vart det fjerna ein del mindre trær og kratt som vaks langs erosjonskanten på R3. Område som vart avdekkja baserte seg på fylkeskommunen sin rapport samt kva som var synleg i overflata.  $82,5\text{ m}^2$  vart avdekkja ved R3. Retninga på sjakta gjennom T1 vart lagt vinkelrett på lengderetninga til tufta, slik denne vart observert på overflata. Sjakta kryssar slik båe langveggane i tufta. Sjakta var 50 cm brei og 9 meter lang (ca  $4,5\text{ m}^2$ ).

Opphavleg var planen også å legge ei enkel sjakt over T2 for å stadfeste at dette faktisk var ei gravrøys. Etter kvart vart det klart at ei sjakta ikkje gav tilfredsstillande svar på kva denne strukturen faktisk representerte, og sjakta vart difor utvida manuelt slik at mesteparten av strukturen vart grave fram. Einaste område som ikkje vart avdekkja var inntil erosjonskanten. Vi valde her å la trær stå att for å sikre at avdekkinga her ikkje medførte akselerasjon av erosjon. Om lag  $27,5\text{ m}^2$  vart avdekkja her.

Etter avdekking vart struktur R3 og T2 reinsa fram med krafse og spade. Den siste finreinsinga ned til dei arkeologiske spora vart gjort med graveskei. Sjølv om strukturane i hovudsak var dekte av gras, var det nokre smårogn og nyperosekratt ved erosjonskanten ved R3. Desse vart fjerna for hand, medan røtene vart fjerna ettersom utgravinga skreid fram. På denne måten minimerte vi sjansen for skade på eventuelt skjørt arkeologisk materiale, som vi rekna som mest truleg å finne i det som ein gong hadde vore midten av røysa, før halvdelen vart erodert vekk. Gravemaskina avdekkja også om lag 1 meter utanfor røysa, ned til undergrunn av sand. Etter at R3 var eksponert gjekk ein vidare med graving etter prinsipp om single context, ettersom vi håpa å kunne skilje mellom ulike deponeringar i røysa.



## 4. Undersøkinga

Som nemnt omfatta undersøkinga granskning av tre strukturar innanfor Askeladden id. 229556 (figur 8):

R3 er ei gravrøys, og denne vart utgraven ned til det nedre laget med røysstein.

T2 var berre undersøkt ved at jord over strukturen vart fjerna og mesteparten av steinpakninga vart reinska fram. Det vart altså ikkje gjort inngrep i sjølve steinpakninga. Strukturen gjekk tidlegare under nemninga R4 av di ein tolka det som ei røys. Vår undersøking tyder på at det er ei tuft; difor T2.

T1 vart avgrensa undersøkt ved ei smal sjakt på tvers av tufta si lengderetning.



**Figur 8** Oversikt over området før og etter utgraving. Øvst ein fotogrammetri teke i lågt sollys hausten 2017, der strukturane kjem fram. Nedst er fotogrammetriar som representerer situasjonen ved avslutning av utgravinga i 2019.

## 4.1 Røysa R3

### 4.1.1 Lokalisering

Røysa ligg orientert mot sjøen i sørøst, på kanten av ei relativt flat og lett hellande grasmark, som stig svakt mot nord til der Mjeltehaugen ligg (om lag 40 meter unna). Høgda over havet er om lag 5 meter, og sørøst for røysa går terrenget i ein bratt erosjonskant ned til stranda. Etter alt å dømme er røysa sin SA-halvdel tidlegare erodert ut her. Marka må med andre ord ha strekt seg minst 5 meter lenger mot SA på det tidspunktet røysa vart bygd, truleg ein god del meir. Marka vert i dag nytta til beite.



**Figur 9** Røysa før avdekking, sett mot SA.

Røysa var synleg som ei svak forhøgning i grasmarka (figur 9), særleg ved lågt gras og skarpt sidelys. Stranda nedanfor røysa består i hovudsak av rullestein, men nedanfor røysa var det ein god del Stein som skilde seg ut på storleik, og som er rimeleg å anta stammar frå den eroderte delen av røysa.



Figur 10 Røysa etter at torvlaget vart fjerna, sett mot NA.



Figur 11 Røysa sett frå stranda nedanfor erosjonskanten før utgraving. Foto mot vest.

#### 4.1.2 Skildring

Røysresten, som var omlag 10,5 meter i diameter (malt langs erosjonskanten), var plassert oppå eit mørkbrunt sandhaldig lag (1141) som var omlag 15 cm tjukt. Største avstand frå den bevarte halvsirkelen av kantstein til erosjonskant er målt til om lag 5 meter. Ein kan såleis gå ut frå at

strukturen opphavleg har vore sirkulær, vel 10 meter i tverrmål, og at om lag halvparten er forsvunne gjennom erosjon.


Strukturen vart konstruert ved å bruke ei rekke med større steinar (1139) til å forme ei sirkulær yttergrense, som definerte kanten av strukturen. Desse steinane var avlange, einskilde var plassert med langsida inn mot røysa, andre med kortsida. Nokre kantsteinar mangla nærmest erosjonskanten i den nordaustlege enden av røysa. Sentralt i røysa og inn mot erosjonskanten var eit rektangulært område på 1,8 x 0,8 meter definert av større steinar; dette vart tolka som restar av eit kammer. Mellom desse to konstruksjonane var det fylt på fleire lag med steinar, torv og sand; røysfylllet (1136, 1137, 1138 og 1144). Røysfylllet var gjennomgående konstruert ved at større steinar var plassert ned for å skape ei flat overflate, som skråna noko ned mot kantsteinane slik at røysa var høgst i midten. Mellom desse steinane var det fylt på med mindre steinar og torv. Steinlaget i botnen av røysa hadde dei største steinane. Steinane som var fylt på seinare var gradvis av mindre storleik, slik at det øvre steinlaget bestod mest av nevestor stein. Oppbygninga av røysa er framstilt i matrisa i figur 12. Her følgjer ei nærmere skildring av dei ulike elementa i konstruksjonen.

#### *Røysa si overflate [1136]*

Ei rekke av steinar kom fram etter at det moderne matjordlaget og vindpåført sand vart fjerna (jf. figur 14). Steinane låg i ein halvsirkel (1139) som var broten av erosjonskanten. Steinane utgjer røysa si kantkjede. Innanfor kantkjeda var det øvst eit lag med stein, opp til 15 cm i diameter, med mørk sand- og grushaldig humus innimellom (1136). Overflata til dette laget var relativt jamn, sjølv om det ikkje virka som at steinane her var blitt plassert og ordna individuelt. Overflata synast å stige slakt frå ytterkanten og inn mot midten. I sentrum av halvsirkelen var ikkje gruslaget synleg. I staden hadde den sentrale delen større steinar som tydeleg var flytta ut av opphavleg kontekst og blanda med den mørke sandhaldige jorda [1050]. Korkje kol eller funn vart påvist i denne deponeringa.

#### *Nivå i røysfylllet [1137]*

Eit nytt steinlag vart skilt ut under 1136 og dekka det same området, og var altså heller ikkje synleg i sentrum av strukturen (figur 16). Overflata til dette laget var også jamn, men steinane her var mykje større, opp til 40 cm i diameter. Rundt steinane var det raudleg sand med torvrestar. I sentrum av røysa var det også her større steinar som hadde blitt forstyrra [1050].



**Figur 12** Matrise over oppbygginga og relasjonar mellom element i gravrøysa R3.



**Figur 13** Røysa etter den maskinelle avdekkinga. Kantkjeda (1139) er komen til syne. Innanfor den er matjord og einskilde røyssteinar har byrja å kome til syne.



**Figur 14** Matjordlaget i toppen er her reinska vekk slik at øvre nivå av røysstein kjem til syne (1136)



**Figur 15** Område markert med raudt representerer område med stein som tydeleg var forstyrra og flytta på (T1050)

#### *Forstyrra område [1050]*

1050 representerer eit område sentralt i røysa / ved erosjonskanten der det er tydeleg at Stein har blitt flytta på (figur 15). Dette området var fylt med stein i varierande storleik som delvis var dekka av brunleg sand. Steinane låg laust i sanden. Desse Steinane vart fjerna før neste lag [1138] vart grave ut. Forstyrringa kan truleg dels tilskrivast aktivitet frå røter og/eller velta tre i den sørvestlege delen. Området ligg like ved erosjonskanten. Det vaks ein del rognetrær her som vart fjerna før utgravinga. Det er også interessant at det forstyrra området i nordaust også dekker der kammeret seinare kom til syne. Det kan tenkast at forstyrringa her er eit resultat av eit innbrot i kammeret.

#### *Nivå i røysfylllet [1138]*

Det neste laget i røysa, som var det andre laget i konstruksjonen, hadde også ei relativ jamn overflate. Såleis var det ikkje ulikt lag / nivå 1137, men 1138 hadde større steinar med mindre steinar som saman med sand, fylte igjen dei opne romma mellom Steinane (figur 17). Steinane synast å vere lagt med den flataste sida vendande opp. Det vart ikkje lagt merke til spesielle mønster i måten Steinane hadde blitt lagt på, men det var ein tendens til at større Stein var bruk i den sørlege delen av dette nivået. Eit kolfragment (PK1046) vart teke ut i dette nivået, men ikkje datert. Overflata på røysa var, som i laga over, noko høgare i sentrum enn mot kantane.



**Figur 16** Det øvre nivået med stein er fjerna og 1137 kjem til syne.



**Figur 17** Nok eit nivå med stein er fjerna og 1138 kjem til syne. Storleiken på steinen er synleg større enn i nivå over.



**Figur 18** Det nedre nivået av Stein i røysfyllet (1144) er her synleg. Dei mindre steinane (lag 1077) sentralt i røysa er også kome fram.



**Figur 19** Situasjonen ved avslutninga av feltarbeidet. Kammeret er her grave ut.

### *Nedre nivå i røysfylllet [1144]*

Dette nivået var bygd av enda større steinar. Berre steinane i den ytre kjeda var større. Dette er det nedre laget i røysa, og einskilde av dei var synlege gjennom deponering 1138. Steinane er hovudsakleg av lik storleik, og er plassert med dei flate sidene opp (figur 18). Eit stykke kol (1PK1076) vart funne i dette nivået, og teke inn (ikkje datert). Med avgrensa tid igjen i felt, vart det avslutningsvis fjerna og løfta på eit utval av steinane i dette laget for å sjå etter spor av kulturlag, brannflak eller liknande under steinpakninga (jf. figur 21). Ingen slike vart påvist. Ved avslutning av arbeidet var desse steinane lagt tilbake, og røysa slik den framstår i figur 21 dekka av vegduk.

### *Kantkjeda [1139]*

Dette elementet består av den ytre steinkretsen på strukturen, og er truleg det første bygningselementet i strukturen. Steinane er av einsarta storleik, form og farge, bortsett frå ein som skilte seg ut med ein tydeleg grønfarge (synleg i vått ver) mot dei andre sin gråbrune farge. Om dette har noko betydning er usikkert. Som det går fram av figur 13-19 så er einskilde steinar lagt med langsida inn mot røysfylllet, medan andre er lagt med kortsidene inn. Dette er etter alt å dømme gjort med vite, men årsaka til det er ikkje godt å seie noko om. Lengst nordaust i strukturen ser det ut til å mangle steinar. Det er ikkje utenkjeleg at desse er fjerna og brukt opp att til dømes i tufta T2.

### *Konstruksjon i kammeret [1077]*

Dette laget ligg innanfor kammeret og er ein del av denne konstruksjonen (figur 20). Det består av mindre steinar, alle mindre enn 0,2 meter i diameter, og det er tydeleg at dei er sortert på storleik. Steinane har forma ei jamn og flat flate opp mot den nordvestlege enden av kammeret og måler om lag 1,6 x 0,5 meter. Dei går ikkje heilt ut til erosjonskanten, og heller ikkje heilt ut til kammeret si avslutning mot NA. Her vart påvist større steinar som tydeleg låg i sekundærdeponert posisjon. Ei rimeleg tolking er at dette kan vere botnlaget i kammeret.

### *Lag i kammeret [1140]*

Denne deponeringa hadde lik utstrekning som 1077, men hadde betydeleg mindre Stein i seg og var eit ganske kompakt sandblanda jordlag i «golvet» til kammeret. Om lag halvparten av massen i laget vart vatnsolda med tanke på å finne mindre gjenstandar, beinfragment eller kolbitar, men ingen slike vart funne.

### *Lag i kammeret[1083]*

Laget viser til det opphavlege jord og sandlaget i kammeret. Det bestod av finkorna sand med mindre steinar og humus (figur 19). Steinane var av same storleik som dei i 1077, men var ikkje like regelmessig og tettpakka som desse. Sanden var ganske kompakt og nedtråkka på innsida av kammeret, men lausare ved erosjonskanten. Laget er meir kompakt og mørkare sentralt i kammeret,

mens steinane her er lausare. Laget vart delt i to under utgravinga, og desse delane vart sålda kvar for seg. Heller ikkje her vart det gjort funn av gjenstandar eller bein. Laget representerer truleg den eldre overflata på staden. To 14C-prøver av trekol påvist i laget vart analysert, og vart båe datert innanfor førromersk jarnalder (sjå nærmare under «datering»).



**Figur 20** Den raude linja viser avgrensinga av 1077



**Figur 21** Lag 1077 er her fjerna frå kammeret. Kammeret sine veggar består av vassrulla strandstein.



**Figur 22** Avslutningsvis vart steinane som her er skuggelagt med raudfarge letta på for å undersøke om det kunne ligge brannflak eller andre typar deponeringar under det nedre steinlaget i røysfyllen. Ingen indikasjoner på slikt vart identifisert. Heilt nord i hjørnet på det avdekka området ser det ut til å kome fram nok ein struktur.

#### Naturleg undergrunn [1141]

Laget viser til den naturlege «undergrunnen» som røysa var bygd på. Den bestod av eit naturleg sandlag med noko humusinnblanding. Ut frå observasjonar ved erosjonskanten går det om lag 15 cm ned under røysa før det også vert eit større innslag av vassrulla Stein.

### *Nyoppdaga struktur nord for røysa?*

I det nordlege hjørnet av området som vart avdekket rundt røysa kom det fram ei steinpakning som synast å vere intensionelt laga (jf. figur 22 og 23) Det var ikkje tid og høve til å undersøke denne nærmere enn ei sporadisk oppreinsing. Det vart lagt duk over denne før det avdekket området vart attfylt. Strukturen held etter alt å døme fram utanfor det avdekket området. Geofysiske undersøkingar utført hausten 2020 vil moglegvis kunne seie noko meir om denne strukturen.



**Figur 23** Strukturen som kom fram i det nordlege hjørnet av det avdekket området består av ei samling vassrulla Stein av noko varierande storleik. Foto mot søraust.

#### **4.1.3 Funn**

Det vart ikkje gjort funn av gjenstandar eller bein i samband med røysa. Massar i gravkammeret vart for ein stor del vatnsålda.

#### 4.1.4 Datering

Det vart datert tre 14C-prøver som alle var teke ut i samanheng med kammeret. Før datering vart prøvene treartsanalysert ved Helge Høeg (jf. vedlegg 4). Alle prøvene er datert på materiale bestemt til bjørk. Resultatet av dateringane går fram av tabellen nedanfor.

Lab. Nr.	Prøvenr.	Intrasis id.	Kontekst	Ukalibr. bp	Kalibr. BC/AD (2 sigma)
Beta - 542521	GIS5_VP1	-	Under Stein i kammeret, tilsv. lag 2AL1083	2160 +/- 30	259-107 BC (55,4%) 358-279 BC (40%)
Beta - 542522	GIS5_VP2	1PK1107	I laget 2AL1083 i kammeret	2120 +/- 30	206-50 BC (91,2%) 345-322 BC (4,2%)
Beta - 542525	GIS5_VP5	1PK1119	Under Stein som var ein del av «veggen» til kammeret	2410 +/- 30	549-401 BC (81,5%) 738-688 BC (11,1%) 664-647 BC (2,9%)

**Tabell 2** Datert 14C-prøver i samband med R3.

Prøvene VP1 og VP2 er båe frå lag 2AL1083 i samband med kammeret. Det er godt samsvar mellom prøvene som ser ut til å datere materiale frå siste halvdel av førromersk jarnalder. VP5 vart teke ut under ein av steinane som utgjorde «veggen» til kammeret. Resultatet av denne er noko eldre; til tidleg førromersk jarnalder eller sein yngre bronsealder.

Det er ikkje sikre haldepunkt for at nokon av prøvene daterer materiale som vart deponert i samband med gravlegginga(ne) og konstruksjonen av røysa. Materialet kan like gjerne vere avsett i jordlaget før røysa vart oppført. Dateringane utgjer likevel ei maksimal bakre grense for dateringa av røysa. Det er såleis gode haldepunkt for å slå fast at røysa kan daterast til siste del av førromersk jarnalder eller seinare.

Det er truleg mogleg å diskutere ei nærmare tidfesting av gravminnet ved å sjå på trekk ved konstruksjonen som t.d. den tydelege kantkjeda, det mannlange kammeret (inhumasjonsgrav?) , og samanlikne det med trekk i gravskikken elles og konstruksjonen til betre daterte gravminne. Dette ligg utanfor arbeidet til denne rapporten.

#### 4.1.5 Tolking

R3 er restar av ei rundt gravrøys på om lag 10 meter i diameter der den søraustlege halvdelen er rausa ut som følgje av erosjon. Røysa har hatt eit Steinbygd kammer sentrert omrent i midten (1083). Eit lag mindre steinar (1077) er knytt til golvet i kammeret. Kammeret målte 1,8 meter SV-NA og 0,8 meter NV-SA, men har vore breiare da erosjonskanten kutta kammeret i SA. Høgda var om lag 0,5 meter ved midten, og noko lågare mot kanten. Røysa var bygd med ei tydeleg kantkjede med større stein. Det var så fylt på med Stein innanfor kjeda. Ved utgravinga kom det tydeleg fram at det var brukt store steinar i det nedre laget av røysfylltet, så gradvis mindre steinar. Det vart korkje funne gravgåver, beinrestar eller andre funn i røysa. I det øvre nivået med røysstein, direkte over kammeret, var det spor av at Stein hadde vorte flytta på. Dette, saman med mangelen på funn, er ein indikasjon på at det har vore innbrot i kammeret. Dateringar frå laget røysa vart bygd på tyder på at

den har ei maksimumsdatering i andre halvdel av førromersk jernalder. Den må såleis vere oppført i denne perioden eller seinare i jernalderen.

## 4.2 Tuft T1

I tuft T1 vart det berre gjort eit mindre arkeologisk inngrep i form av ei smal sjakt vinkelrett på tufta si lengderetning. Formålet var å skaffe betre grunnlag for å tolke strukturen, dokumentere trusselsituasjonen i høve til problemstillinga om erosjon og om mogleg datere strukturen.

### 4.2.1 Lokalisering

Denne strukturen er synleg på overflata når graset er kort, og kjem elles ekstra godt fram når sola står skrått inn på området. Den fortunar seg som ein U-forma vollkonstruksjon der langsidene går parallelt med erosjonskanten og opninga er mot sørvest. Breidda er om lag 6,5 meter og strukturen kan følgjast i om lag 10 meter frå kortveggen i nordaust. Her møter den T2 og vert mindre klar. Den sør austlege langsida går heilt inntil erosjonskanten. Tuft T1 ligg altså ved den same erosjonskanten som R3, om lag 15 meter nordaust for denne, og altså rett nordaust for T2 (sjå seinare).

### 4.2.2 Skildring

Ei om lag 0,5 meter brei og 8 meter lang sjakt vart grave med gravemaskin tvers gjennom strukturen i retning NV-SA slik at både langveggane var eksponert (figur 24). Sjakta synleggjorde steinmurar som korrespondeerte med forhøgingane som var synleg på overflata. Mellom desse og på utsida av NV-veggen var det berre matjord som låg rett på undergrunn av finkorna sand. Djupna på matjordlaget var om lag 50 cm. Mellom dei to murane vart det grave litt ned i undergrunnen for å fange opp eventuelle golvlag. Det var ingen teikn til golvlag eller anna kulturlag mellom veggmurane, og heller ingen tydelege skilje mellom lag på innsida og utsida av tufta. Den nordvestlege muren bestod av ein einsidig steinmur som var delvis nedgraven i undergrunnen og bygd opp av minst tre steinrekker. Muren i SA var dobbelsidig med grus og småstein brukt som fyll imellom.

### 4.2.3 Funn

Det vart ikkje gjort funn i samband med strukturen.



**Figur 24** Her visast sjakta gjennom T1 og den synlege veggvollen NA for sjakta er skuggelagt med raudt. SV for T1 er det avdekka området over T2. Veggane på T1 går i linjer og retninger som tyder på at det ikke er noko direkte samanheng mellom tuftene T1 og T2.

#### 4.2.4 Datering

Det vart teke ut to 14C-dateringar frå T1. Profilen som kom fram i sjakta viste ingen tydelege lag eller trekolhaldige massar, og framstod som rein matjord over undergrunn av finkorna sand. Innsamling av prøver vart såleis gjort ved at steinar i dei to «veggmurane» vart løfta på, og massar (sandrik matjord) under desse vart samla inn. Det vart ikkje observert kol her i felt, men ved utvasking under etterarbeidet kom det fram kol i både prøvene. Prøvene vart treartsanalysert ved Helge Høeg før dei vart sendt til datering. Både prøvene er datert på bjørk. Prøva frå den nordvestlege veggen fekk ei datering innanfor yngre bronsealder, medan prøva frå den andre veggen hamna midt i mellomalderen.

Lab. Nr.	Prøvenr.	Intrasis id.	Kontekst	Ukalibr. bp	Kalibr. BC/AD (2 sigma)
Beta - 542521	GIS5_VP3	1PK1117	Under stein i NV-vegg av T1	2550 +/- 30	801-743 BC (54,7%) 645-551 BC (30,8%) 686-665 BC (10%)
Beta - 542522	GIS5_VP4	1PK1118	Under stein i SA-vegg av T1	700 +/- 30	1260-1310 AD (77,3%) 1360-1387 AD (18,1%)

**Tabell 3** Daterte 14C-prøver knytt til T1.

Det er stort sprik mellom dei to prøveresultata, og vanskeleg å argumentere for om den eine eller den andre gir eit meir korrekt bilet av strukturen si datering. Det kan også vere at både prøvene er misvisande. Ei viktig feilkjelde for både desse kontekstane er den sandfluktaktiviteten som må ha gått føre seg i området. Kontekstane er ikkje sikre med tanke på å kunne utelukke at det er datert på kol som er blitt frakta hit til dømes gjennom flygesandsaktivitet.

T1 og T2 er ikkje avdekka i sin heilskap, og difor er det ikkje mogleg å seie noko sikkert om relasjonen mellom desse to strukturane. Vi meiner likevel det er mest truleg at det er tale om to uavhengige strukturar (sjå nærmare under omtalen av T2). Skulle ein forsøke å seie noko om den kronologiske relasjonen mellom dei, så er det mest truleg at T1 er eldre sidan spora av T1 synast å forsvinne ut i den sørvestlege delen der T2 er oppført. Vi understrekar at dette er ei førebels tolking.

#### **4.2.5 Relasjon til erosjonskanten**

T1 ser ut til framleis ikkje å vere direkte råka av erosjon, men den søraustlege langveggen går heilt inntil eksisterande erosjonskant og vil dermed straks verte påverka dersom det skjer ytterlegare erosjon.

#### **4.2.6 Tolking**

Sjaka stadfesta at dei synlege vollane på overflata er resultat av steinmurar i grunnen. Dei indre måla mellom dei to murane er 4,5 meter. Lengda har truleg vore minst 10 meter, men å fastslå denne vanskeleggjera ved T2 som ligg ved strukturen sin SV-ende, og mogleg har forstyrra denne her. Profilen gav lite informasjon om aktivitet knytt til tufta. Den gav eit veldig «sterilt» inntrykk, i den forstand at her ikkje var spor etter kulturlag eller liknande. Ein ide som var framme ved undersøkinga var om det kunne dreie seg om ei form for innhegning for dyr, men det synast lite sannsynleg at eit så omfattande murverk skulle vere naudsynt for dette. Vi var også inne på tanken om at her var inngjerda eit stykke åker, men dette synast lite truleg da her ikkje er bevart dyrkingslag. Meir truleg er det at murane har vore fundament for ein struktur, mogleg ei bygning, bygd i treverk. Dersom denne har hatt golv av tømmer, forklarar det mangelen på golvlag. Ei siste tolking ein lyt ta høgd for, er at strukturen har hatt ein funksjon knytt til dei etter kvart mange gravanlegga som ein no kjenner til like i nærleiken.

Nokon eigentleg konklusjon på kva strukturen representerer let seg ikkje utleie utan ytterlegare undersøkingar.

### **4.3. Tufta T2 (tidlegare R4)**

Denne strukturen vart berre undersøkt gjennom avdekking og framreinsing av steinane. Før undersøkinga vart strukturen, på grunn av forma på forhøginga som var synleg på overflaten, antatt å vere ei lita røys. Den bar difor nemninga R4. Vårt arbeid syner at dette må dreie seg om ei tuft, truleg med fleire fasar. Vi har såleis valt å bruke nemninga T2 på den.

#### **4.3.1 Lokalisering**

Strukturen var synleg i overflata som ei tilsynelatande rund låg forhøging i marka. Den ligg mellom dei to tidlegare omtala strukturane, åtte meter NA for R3 og rett SV for T1. Relasjonen mellom T1 og T2, om det til dømes dreier seg om same eller ulike strukturar, vert diskutert nedanfor. Den ligg tett på erosjonskanten, og erosjonen har alt påverka det eine hjørnet.

#### **4.3.2 Skildring**

Strukturen framstår som ei uregelmessig steinpakning som dekker eit område på om lag 8,5 meter SV-NA og 6,5 meter NV-SA. Ved nærmere ettersyn ser ein at det er tydelege doble veggar i ytterkanten på strukturen og at desse ligg i ei rektangulær form. Det er også tydeleg at det er minst ei, kanskje to, eldre fasar der veggane har gått i ein annan vinkel.

I utgangspunktet vart som nemnt strukturen antatt å vere ei røys og berre ein liten del vart avdekka maskinelt. Etter kvart som framreisinga held fram vart det tydelegare og tydelegare at det dreia seg om tuft(er), og etter kvart så vart mykje avtorva manuelt. Detaljane i veggane og dei ulike fasane kom fram gradvis. Det var ikkje tid til å avdekke heile strukturen, den viste seg da også å vere langt meir omfattande enn vi hadde gått ut frå. Særleg vart området nærmast erosjonskanten spart for avdekking. Her var ein del trær som stod i vegen, og vi ville dessutan i minst mogleg grad gjere inngrep som kunne framskunde erosjon.

Her følgjer ei tolking av korleis vi oppfattar strukturen og fasene i den:

På bakgrunn av det som synast å vere restar etter doble veggar og retningane på dei, ser det ut til at ein kan skilje ut den siste fasen som ei om lag 6 meter langt og 4,5 meter brei tuft som ligg omtrent i retning N-S. Denne er markert med raudt i figur 25. Både aust og vest for denne er synlege veggar som har andre retningar og difor må vere restar av eldre tufter. Desse er markert med grønt og blått i figur 25. Ein moglegheit er at «grøn» og «blå» tuft høyrer til same tuft, men den har da hatt ein svakt krumma vegg i nordvest.

Når det gjeld spørsmålet om eventuell samanheng mellom T1 og T2, så vurderer vi at det truleg dreier seg om to ulike tufter. Dersom ein ser på retninga på særleg den nordvestlege veggen i T1 så har denn

